



Det har vore stor aktivitet den siste tida med farty på slipp i Vågen. Ole Kristoffer Vågen er fartybyggjar og har båtverkstad og slipp.

Nyleg var ei større Hardangerskøyte på slipp for reingjering, bunnsmjøring og anna førefallande vedlikehaldsarbeid. Det var eit farty på over 50 fot og det er i største laget for det ein kan ta opp på slippen i

Vågen.

Straks etter skøyta frå fjorden var sett på sjøen , kom Kåre K Rød med seglbåten sin for den årlege slippinga. Elles har vi merka oss eit anna staseleg farty med hamn i Vågen på Skorpo.

Skuta med namnet 'Vågen' kjem frå Stavanger. Eigar er den faste skipperen på jakta 'Mathilde' frå Hardanger Fartyvernsenter. I dei periodane 'Mathilde' har oppdrag som leirskule, legg dei inn Skorpo som fast stopp ein gong i veka.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal